

ORIGINAL EID

**SONGAR
& BILETE**

FREDDIE LANGRIND 2019

ORIGINAL EID

ISBN 978-82-92181-17-1

Mars 2019

Leiken og seriøs samling av «merkesteiner» eg har funne langs vegar i Eid og Nordfjord; tekstar, tonar og fabulistiske bilder ... fanga opp i ei kameralinse, ein gul notisblokk og blyfantens skarpe blikk ...



VISEMAKERIET Freddie Langrind
ORG.NR. 987 424 907
www.ordtoner.com



ALT-MULEG-MANN

<<< REVEBJØLLA
SGN OG FJORDANES
OFFISIELLE FYLKESBLOM

Side

- | | |
|------|--|
| 2 | FRAMANDKAREN |
| 3 | BUSTAD PÅ JORDA |
| 4 | TIDENDESTENEN |
| 5 | MAURSTAD GAMLE STEINBRU |
| 6 | EIDASONG |
| 7 | TORHEIMSVEGEN |
| 8 | FRENDE JAKOB VIKEN |
| 9-10 | FERDAMENN I VESTERVEG |
| 11 | GUBBE GATELANGS |
| 12 | REVEBJØLLA RINGLAR |
| 13 | VARDEN PÅ VETEN |
| 14 | STJERNESKOT |
| 15 | FERDA FRÅ DAVIK 1845 |
| 16 | ORIGINAL EID |
| 17 | KÅRKALL-STUBBAR |
| 18 | VEGAR OG BRUAR
SAMVEVEN (HUG OG HAND) |
| 19 | KVA SKAL VI MED OSLO? |
| 20 | VEGVISAR |
| 21 | GULLMANN GULLMANN |
| 22 | GAMMEL MANN |

>>>

FRAMANDKAREN

Eg kom frå søre stroka,
ein framandkar på leit.
D'er mangt eg aldri råka
og mangt eg ikkje veit.

Men sjål! her er enger
og fjorder og lier,
og hoer og hannar
og blomster og bier,

og verda er vidsynt og fager,
eg skjønar at det er
mykje mellom himmelen
og Eid -

Eg søkte ro og kvile
og ly for vêr og vind,
men her skal vere staden
der sola aldri skin

og fossane hyler
i stupbratte lier,
og stormene rasar
i skoger og kvier,

men brått er det solefallstider.
Belønninga er nær:
Sola syng sin beste song
i Eid -



FREDDIE LANGRIND

Folketone: Eg ser deg utfør gluggen

1

G 8

Eg kom frå sør - re stro - ka, ein fra - mand - kar på leit, d'er mangt eg ik - kje

6

rå - ka og mangt eg ik - kje veit, men sjål! her er eng - er og fjord - er og li - er,

11

og ho - er og han - ner og blom - ster og bi - er, og verd - a er vid - synt og fa - ger,

15

eg skjø - nar at det er my - kje mel - lom him - mel - en og Eid.

3

BUSTAD PÅ JORDA

Grinda er opna for doggvåte enger,
grønkledde åsar og fjordveg mot hav.
Dagen har tonar og natta har venger,
draumane vandrar med lyre og stav.

Bustad på jorda, sæl i mitt sinn,
om ikkje tankar gjerdar meg inn.

Grinda er opna for doggvåte enger
der barnets spor settast av.

Hist uti marka der bakkane blømer
bryt vare kjensler som vårspira fram.

Svartsynet kvitnar og uvissa rømer.

Eg iler gjerne frå maske og ham.

Bustad på jorda, sæl i mitt sinn,
om ikkje tankar gjerdar meg inn.

Hist uti marken der bakkane blømer
leikar eit barn med eit lam.

Her er ein fabel, ein draum og ein hildring!

Skal eg så tru det er lagnad i vind?


Nei! det er barnet i leik ved ein sildring,
stabbande oppglødd med raudleitte kinn!

Bustad på jorda, sæl i mitt sinn,
om ikkje tankar gjerdar meg inn.

Her er ein fabel, ein draum og ein hildring!
Barnet har opna mi grind.



Utsyn frå eit
vindauge på
garden Eid 15/1 ...



B for tonen H

Em A Em A Em

Grin - da er op - na for dogg - vå - te eng - er, grøn - kled-de
Dag - en har ton - ar og nat - ta har veng - er, drau - ma-ne

A6 G/D A Cmaj7 Am7 B7

ås vand - ar og med fjord - veg mot hav. Bu - stad på jord - a,

Cmaj7 B7 Cmaj7 Am7 B7 G B7

sæl i mitt sinn, om ik - kje tan - kar gjerd - ar meg inn.

Em A Em A C Am6 B7 Em

Grin - da er op - na for dogg - vå - te eng - er der barn-ets spor sett-ast av.

TIDENDESTINEIN

Eg fagnar at den gamle tidendestinein utanfor muren ved Eid kyrkje på ny vart teke i bruk 30. november 2012 ved avduking av ei historisk tavle attved. Øvrigheita var humørfylt og trygt til stades: Ordførar Alfred Bjørlo, lensmann Webjørn Moa og prost Rolf Schanke Eikum. Sjølv vart eg eidar eit halvår tidlegare. Denne kvelden tusla eg heim og fann forma på denne songen.

I gamal tid gav dei offentlege kunngjeringar på kyrkjebakken, utanfor kyrkjemuren.

FREDDIE LANGRIND

Høyr mitt ord og lyd mitt bod: - Tidende på helle -
Sed og skikk skal aktast på! - Det er høgt over høgste fjellet -

Vern din heim, bygg samkvems bru - Tidende på helle -
timar tolv og dagar sju! - Det er høgt over høgste fjellet -

Alle like, høg og låg, - Tidende på helle -
kvar og ein parat og fjåg! - Det er høgt over høgste fjellet -

Mykje stort i mykje smått, - Tidende på helle -
von og tiltru, liv og lått! - Det er høgt over høgste fjellet -

Stell og omsyn, tanken rank - Tidende på helle -
finn du ei i børs og bank! - Det er høgt over høgste fjellet -

Høyr og lær den gode sak - Tidende på helle -
under himlens vide tak! - Det er høgt over høgste fjellet -

Syng di vise, leik din dans! - Tidende på helle -
Kvar med eigen blomekrans! - Det er høgt over høgste fjellet -

Minnet står på runestone! - Tidende på helle -
Spira veks på nakne grein! - Det er høgt over høgste fjellet -



B for tonen H

Em B7 Em B7 Em Am6 B7sus4 B7

Høyr mitt ord og lyd mitt bod:

Em B7 Cmaj7 Am Em D Em

5 Sed og skikk skal ak-tast på! Det er høgt ov-er høg-ste fjel - let.

MAURSTAD GAMLE STEINBRU



På ein plakett står:

Bygd ca. 1867 - 1870 etter
at vegen frå Bryggja
over Maurstadeidet til Åheim
sto ferdig i 1866.

Brua var truleg kosta av
bygdafolket. Brua og
vegen vart nytta både
til skuleveg og allfarveg.

Natt til 11. oktober 1984
fall bruva saman. Vernelaget
for Maurstad gamle bru
har arbeidd for å få
bruva gjenreist.

Ved hjelpe av gåver,
kulturmiddlar frå kommune
og fylke sto bruva ferdig
hausten 2000.

Norsk Bygg og Innredning AS
sto for forskaling og kvelving.

Resten av arbeidet
vart utført på dugnad.

Maurstad 19. mai 2001

MAURSTAD GAMLE STEINBRU

I hine dagar
valde dei stein.
Denne sida er mitt land,
andre sida er ditt.
Stein avgjer
stein er tidlaus
stein står.

I hine dagar
valde dei stein
når elva skulle kryssast
når band skulle bindast
når ting skulle fram.
Stein avgjer
stein er tidlaus
stein står.

Då bruva fall
bygde dei opp att
for nye sekel.

Ein gammal tanke
stryk langs stranda
over på hi side.

FREDDIE LANGRIND
www.ordtoner.com

Eid og Selje kommuner slår seg saman frå 2020 til **Stad**. Området Bryggja slår følgje. Med klart fleital forlet
dei Vågsøy kommune. Slik blir den nye kommunen samanhengande. På nettstaden **bryggja.no** fokuserer dei på
sin eigen historie og tradisjonar på framifrå vis. Ikke minst takka vere forfattar og maler Rigmor Navekvien
(1935 -). Ho har m.a. skrive ei fin vise om Maurstad gamle steinbru, som tente som hovudåre mot Måløy. Til
slut kollapsa bruva, i 1984. Då gjekk *Vernelaget for bruva* inn for å byggje ho opp att sjølv om ho forlengst var
ein kuriositet. Det skjedde i 2000 med offentleg støtte.

EIDASONG

FREDDIE LANGRIND

- 6 -

Mange ferdast i land og lende
med ei vektskål i ope sinn,
ein kan undrast og tvile ofte,
men ein enkel tanke vinn:

***Vi vil bu her i vesterlandet
der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss
den evige song,
fader fjell og moder jord.***

Her er noko med Eid og Gata,
tidleg tufta på gard og naust.

Her er noko med Gamlebanken,
som gir rentefritt og raust.

Her er noko med stein og murar
når naturkrefter drønner inn.

Her er noko med lam på beite
og ein fjording ved ei grind.

***Vi vil bu her i vesterlandet
der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss
den evige song,
fader fjell og moder jord.***



Her er noko med Rundehogjen
og ei soge som følgjer får
over enger blant folk og frendar
i ei tid som er og var.

Her er noko med desse åsar
slik dei strekk seg mot himmelrand
og glir over i von og velde
som ei trygg og varleg hand.

***Vi vil bu her i vesterlandet
der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss
den evige song,
fader fjell og moder jord.***

Her er noko med dognadsånda
og at Plassen er meir enn plass;
han er open for gode krefter
med eit romsleg folkepass.
Her er noko med sal og scene,
tonar løfta på trolldomsvis.
Kvar eit skinande eida-hjarte
kling av elskhug og eksis.

***Vi vil bu her i vesterlandet
der kor tindane møter fjord
og ei vindharpe syng oss
den evige song,
fader fjell og moder jord.***

The musical notation consists of five staves of music in 3/4 time, treble clef, and G major key signature. The chords used are C, F, Em, Cmaj7, Am, E7, Dm, G7, Am, G, D7, G, Am, Fmaj7, Em, F, G, Em, C, Fmaj7, E, Am, C, G, C. The lyrics correspond to the staves, starting with the first staff and continuing through the fifth staff.

TORHEIMSVEGEN (Tors veg heim)



Tor skulle heim, men han fann ikkje vegen,
berre eit tilvakse fjordafar.

Då tok han hammer'n og kylte'n i åsen
og brauta seg vegtråkk som ikkje var!

Tor hørde rykte at sjølve Vårherre
preikar om dyd og dei rette steg:
*De som ønskjer seg tryggleik og trivnad,
må vite å følgje den smale veg!*

Tor fór til Herren og ba han å sjekke:
Er dette sømmeleg veg å gå?
Herren fann kikkert og myste på faret,
og preika: *Det får vere måte på!*

*Fjella og fjorden og bakkane grøne,
heimar for mine, men óg for deg.
Då er det berre som andre har sagt det
at dette er gangsti, og ikkje vøg.*

Herren såg eidarar køyre i tretti,
der gjaldt formaning og skilt og juss.
Men utpå Tor-vegen senka dei skuldra
for der kan ein køyre i åtti pluss.

Herren gav endeleg dom over stoda:
*Ingen må tenkje at alt er greitt;
egen er attgløymt, men mange vil hugse,
for Tor er frå Torheim... såvidt eg veit...*



B for tonen H

Em B7
 Tor skul-le heim, men han fann ik-kje veg-en,
 Em F#7 B7
 3 bcr - re eit til - vak-se fjord - a - far.
 Am B7 Em Cmaj7
 5 Då tok han ham - mer'n og kylt-te'n i ås - en og
 F#7 B7 Em
 7 brau - ta seg veg - tråkk som ik - kje var.

FREDDIE LANGRIND



FRENDE JAKOB VIKEN

BÅTBYGGER, FERDAMANN OG VIKING

(bokmåltekst)



Melodi:

*Fanteguten, folketone fra Vinje,
samlet og arrangert for
mannskor av Eivind Groven*

:/: Hiv og skyv og hal og dra! :/:

Frende Jakob Viken strekte seg en kjøl
og ba dem bygge, laus-kar og døl,
skipet for en seng og vinterens mjøl.
Og det var Jakob Viken - på kjøl! Hiv og...

Frende Jakob Viken speidet over hav
og drømte mer om gull enn om grav,
ingen var som han anselig og brav.
Og det var Jakob Viken - mot hav! Hiv og...

Frende Jakob Viken satte seg et seil
og ba dem ofre knoke og negl,
samle alle kluter, knuter og kveil.
Og det var Jakob Viken - med seil! Hiv og...

Frende Jakob Viken, ferdamann i vest,
han tuktet både konge og prest,
tok seg fram til gards som ubuden gjest.
Og det var Jakob Viken - i vest! Hiv og...

Frende Jakob Viken, ferdamann i øst,
han hadde trolllets styrke og røst,
ingen der i egen fant det som trøst.
Og det var Jakob Viken - i øst! Hiv og...

Frende Jakob Viken, ferdamann i sør,
rev ned de vrang gjærder og slør,
fylte opp sitt skip med kostelig bør.
Og det var Jakob Viken - i sør! Hiv og...

Frende Jakob Viken, ferdamann i nord,
fikk saligplass i fedrenejord,
kjemper sine slag med Odin og Tor.
Og det var Jakob Viken - i nord! Hiv og...

FREDDIE LANGRIND

B for tonen H

Em D Cmaj7 Fmaj7 Em D Cmaj7 B7 G

Hiv og skyv og hal og dra! Fren-de Jak-ob Vik-en strakk seg ut ein kjøl og bad dei byg-gje

6 Fmaj7 B7 Am Em Cmaj7 B7 Cmaj7 Bm Cmaj7 D Em

laus-kar og døl, skip-et for ei seng og vin-te-rens mjøl. Og det var Jak-ob Vik-en på kjøl!

FERDAMENN I VESTERVEG >>>

EI FERD FRÅ EID TIL KJØPSTADEN «SKIRINGSSAL» (KAUPANG) I VESTFOLD

(1)

(2 takter)

Tunge tak, men stutte steg.
Tause menn ved årer.
Stormen slær og draugen dreg.
Ferdamenn i vesterveg.
Sveitte, blod og tårer.

(2)

(2 takter)

Ferda gjekk til Skiringssal.
Heim att slit vi ille.
Tenk deg kai ved hanegal,
mat og mjød i høg pokal
og ei frodig frille!

(3)

Vi lasta kjørla og kar og tønner / med alt vi sysler av ting og kram,
og det er ferdane som seg lønner, / om berre ferdane kjem seg fram.
Og der i kaupangen sør i leia / ligg verda open med gagn og gru!
Vi kom frå havet som oskoreia / og vi var kongar i dagar sju!
Kom hit og kvede, kom hit og danse! / Kom med som lauskar med møy og mjød!
Og slik ei urkraft kan ingen stanse / før Odin melder den visse død.

(4)

(2 takter)

Skyene i syningom
svartnar stygt der framme.
Havet piskar brott og skum.
Tor har inntatt himlens rom,
hamrar drønn og flamme!

(5)

(2 takter)

Sjå! Sjå måsen kjem frå land!
Høyr dei ilske skrika!
Mot og krefter stig i mann,
skipet glir mot heimestrand
trygt i inste vika.

(6)

Vi kjem med skattar frå søre stroka, / små fargesteinlar og gilde kle,
og bjørneskinn og ei møy vi råka; / ho hadde ingen, vi tok ho med!
Vi svor mot tora og trassa lynet / og valde leia der ingen var;
det finnast hav attom himmelbrynet, / og ukjend lende i alle fár.
Kom hit og kvede, kom hit og danse! / Kom med som lauskar med møy og mjød!
Og slik ei urkraft kan ingen stanse / før Odin melder den visse død.

(7)

(2 takter)

Heimen er ein heilag hall,
frendars leir og loge.
Rettferd sigrar, seier skald,
dei som aktar arv og kall
byggjer ætt og soge.

© FREDDIE LANGRIND




SAGASTAD


- 10 -



Gitaristar:
Bruk capo band 3 = Cm
Overganger Am - Am6 (2 takter)

VERS 1:

Am C D C Am D Am C D E Am Em
 Tun - ge tak, men stut - te steg. Tau - se menn ved år - er. Storm-en slær og
 6 C A m D Am Dm6 C A m D Am D Am A m ||
 draug-en dreg. Fer - da-menn i ves ter - veg. Sveit-te, blod og tår - er.

II VERS 3: Am E Am E C D

Vi las - ta kjør - la og kar og tøn - ner med alt vi sys - ler av ting og
 15 E A m E m D m D m6 E
 kram, og det er ferd - a - ne som seg løn - ner, om ber - re ferd - a - ne kjem seg fram.

20 Am C Am
 Og der i kau - pang - en sør i lei - a ligg ver - da op - en med gagn og
 Kom hit og kve - de, kom hit og dan - se! Kom med som laus - kar med møy og
 24 C D Am D (rit. 2. gong) E
 gru! Vi kom frå hav - et som os - ko - rei - a og vi var kong - ar i dag - ar sju!
 mjød! Og slik ein ur - kraft kan ing - en stan - se før Od - in mel - der den vis - se død.

Visa er opprinnelig skrive i samband med ei songarferd til Island i 1983.
 Handelsstandens Sangforening Oslo, eit av landets eldste kor frå 1847,
 heldt m.a. konsert i Nordens hus i Reykjavik. Eg framførde mi vise om
 Ingolfur Arnarsson som rømde Noreg til fordel for Island i år 874.

FREDDIE LANGRIND



Det knirkar og knakar, men ett har eg greidd,
å gå gjennom Gata på langs i Eid, - - -
men snublar eg over ein stubb og eit vers
ein stad uti lendet på kryss og tvers -
då salar eg opp min hest, ein vengjehest
med **dugande pedalar**,
og bjølleklang om ting og tang
forløysast når tankane talar
til ein gubbe gatelangs.

Eg fér langsmed fjorden med knirkande slark
og stoggar for leik i ein klatrepark. - - -
Og ungane hoiar, det ber over land:
«Sjå der kjem den syngande GAMMAL MANN!» -
då salar eg opp min hest, ein vengjehest
med **lystige pedalar**,
og bjølleklang om ting og tang
forløysast når tankane talar
til ein gubbe gatelangs.

GUBBE GATELANGS

FREDDIE «Gammel mann» LANGRIND

Eg rek rundt i grusen ved Tverrgatas hus
og nynnar ein eldgamal gate-blues, - - -
eg tenkjer at dagen er godlyndt og grom
i heimstadens innarste hjarterom -
då salar eg opp min hest, ein vengjehest
med **tenksame pedalar**,
og bjølleklang om ting og tang
forløysast når tankane talar
til ein gubbe gatelangs.

Eg tenkjer at verda her hen ved ein fjord
er passeleg lita og passe stor - - -
så prins og prinsesse kan ta sine steg
og finne ei vise på allfarveg -
då salar eg opp min hest, ein vengjehest
med **knirkande pedalar**,
og bjølleklang om ting og tang
forløysast når tankane talar
til ein gubbe gatelangs.

Blucs-prøg / B for tonen H

G Em G Em G Em

Det knir - kar og kna - kar, men ett har eg greidd, å gå gjen - nom Ga - ta på

F6 G6..... G Em G Em G Em

langs i Eid, men snub - lar eg ov - er ein stubb og eit vers ein stad ut - i len - det på

F6 G6 C G C

kryss og tvers... då sa - lar eg opp min hest, ein ven - gje - hest med du - gan - de pe -

G G7 C G Em A A7

dal - ar, og bjøl - le - klang om ting og tang for - løys - ast når tan - ka - ne

D C Bm D7 G (Em.. G.. Em..)

ta - lar til ein gub - de ga - te - langs.

REVEBJØLLA RINGLAR



På eigedomen Freden i indre Vestfold satsa vi på revebjøller. Oppslagsverk seier at ho kan bli opptil 150 cm høg, men vi fekk fram ei med sterkt nok «rygg» til å bære heile 222 cm.

Foran skrivestova mi trona ho!

Har du sett meg i brattaste bakken
der eg kneisar stolt på grusete grunn?
Eg legg kransar av blad i den karrige runn
mellom smålåtne stubbar og steinar,
derfrå løftar eg høgt mine bjøller,
eg veit ingen her så høgreist som meg,
eg har alt i meg sjølv for ein blømande veg.
Eg vil opp, ikkje ut gjennom greinar!

Eg er fingerbjørgsblomen med frekner,
og gir nektar raust til humle og bi,
mine hundrede beger flyg ingen forbi
utan først å ha drukke av olla.
Eg er barn av det enklaste enkle.
Likevel magi du kanskje har ant?
At det ligg noko evig og finstemt formant
hist i sevja som stig opp av molda.

Har du sansa i midtsommarnatta
at dei svermar om meg, tusse og gnom?
Du skal vite eg er ikkje berre ein blom,
men ei vakker og blygsam prinsesse.
Har du hørt meg når fullmånen manar?
At det brått blir stilt i lier og lund
og naturen held pusten den heilage stund
då eg ringlar til Skaparens messe.

B for tonen H D A6 Bm Em

Har du sett meg i brat - tas - te bak - ken der eg kneis - ar
løf - tar eg høgt mi - ne bjøl - ler, eg veit ing - en

E E7 A7 G A7 D D maj7

6 stolt på grus - e - te grunn? Eg legg kran - sar av blad i den kar - ri - ge
her så høg - reist som meg, eg har alt i meg sjølv for ein bløm - an - de

G D E7 A6 1. A7 A7/E D

12 runn mel-lom små - låt - ne stub - bar og stein - ar, der-frå
veg. Eg vil opp, ik - kje ut gjen-nom grei ei - nar!

VARDEN PÅ VETEN

For å få aksept som ein ekte eidar må ein ha vore på toppane. Ikkje kvar dag, men rett som det er. Etter eit par forsøk eg helst ikkje vil tale om, valde eg meg Veten. Då kan ein nemleg køyre bil opp på åsen, og parkere like nede i svingen. Ifølgje turboka har ruta til Veten ein vanskegrad på litt over null. Eg kallar praktskulpturen for Magdelis varde. Han ligg på garden Eid 15/1 sin grunn, og der er ho odelsjente.

Eg gjekk meg ein svipptur til Veten
og kartet var passeleg flatt,
eg skjønte meg rett nok på koter
og korleis fysikken var fatt:
Min sisu har gøynt seg i tida,
mitt lekam har søkt om akkord,
eg stavra meg oppover lia
på ynkeleg, unemnt rekord.
Og varden peikar opp,
dit inga grenser finst.
Vårherres hus er stort,
han lo så vidt eg minst.

Den lettaste vegen å vandre,
ei rute dei minste har greidd.
Det gjeld vel å stole på andre
som ukjend og utrent i Eid.
Ein halvtime sto det i boka,
då skulle det nok vere gjort,
men beina vart lamme i broka
og jaggu gjekk klokka mi fort.
Og varden peikar opp,
dit inga grenser finst.
Vårherres hus er stort,
han gråt så vidt eg minst.

Eg finn kanskje tid for reprise,
det gjeld jo å finne sin topp,
og eg er jo knapt ein novise
og veit at ein aldri gir opp.
Og skulle du så observere
eit varsel av flammer og eim
då veit du at du skal spasere
og kome og hente meg heim.
Og varden peikar opp,
dit inga grenser finst.
Vårherres hus er stort,
han sov så vidt eg minst.

B for tonen H

Music score for 'Varden på Veten' in G major, 2/4 time signature. The score consists of ten staves of music with lyrics underneath each staff. Chords indicated include Em, Em7, Am, D, B7, Cmaj7, Edim, F#7, B7, A m6/E, B7, Em, Em7, Am, D, B7, Em, Cmaj7, Edim, F#7, B7, E sus4/B, Em, Am, F#7, B7, Am, Em, Am, F#7, B7, Em, Edim, B7, Em.



FREDDIE LANGRIND

Varden på Veten 566 m.o.h. reist av lokalbefolkingen med plakett:

**Som nordenfjeldske
um Norig me staar
paa vakt. Reist 1910.**

STJERNESKOT

Eg tenker at dette er ein song for barn som ikkje
har det altfor travelt med å bli vaksne ...

Eg står her midt i natta og ser ut i tid og rom,
og undrast på om himmelen er stappfull eller tom.
Eg tenker på at Gud er god og lukkeleg og glad
og sov så søtt i himmelseng der ute nokon stad.
Sjå der! ei stjerne, ho vil oss vel!
Ei stjerne, ho er vår draum!
Ei stjerne, som skin for deg og meg!

Det er så mangt og mykje her eg ikkje kan forstå,
eg lurar på om menn på Mars er grøne eller blå.
Og når vi tuslar her omkring med kvar vår paraply
så er det kanskje englane som tissar frå ei sky.
Sjå der! ei stjerne, ho vil oss vel!
Ei stjerne, ho er vår draum!
Ei stjerne, som skin for deg og meg!

Eg veit `kje nok om himmelrom og kva som er og var.
Eg ser no berre det eg ser og undring er mitt svar.
Men når dei seier at eg går på Mjølkevegen veg
då er det Gud på skøyferd som blunker blidt til meg.
Sjå der! ei stjerne, ho vil oss vel!
Ei stjerne, ho er vår draum!
Ei stjerne, som skin for deg og meg!

Når himmelrommet opnar seg og natta er så svær
så har Vårherre gjort det klårt kor bitte små vi er.
Vi står der med vår saknad og vår hunger og vår tørst,
men kanskje er det nettopp då at mennesket er størst.
Sjå der! ei stjerne, ho vil oss vel!
Ei stjerne, ho er vår draum!
Ei stjerne, som skin for deg og meg!



Glad i teknig og måling er ho, Magdeli.

B for tonen H

D Bm F[#]m Em Em7

A7 D Bm F[#]m

Em Em7 A7 F[#]m Bm

Eg står her midt i nat-ta og scr ut i tid og rom, og und-rast på om him-mel-en er
stapp-full el - ler tom. Eg tenk - er på at Gud er god og luk - ke - leg og glad og
sov så søtt i him-mel-seng der u - te nok-on stad. der! ei ne,
ho vil oss vel, ei stjer - ne, ho er vår draum, ei stjer - ne,
som skin for deg og meg.

FREDDIE LANGRIND

FERDA FRÅ DAVIK 1845


Mine tippoldeforeldre på farssida var snikkaren Jakob Homborstad og hans trulovede Ingeborg Tømmerstøl.

Dei to drog i ein færinger frå Kjølsdalen som den gong tilhørde Davik kommune. Færingen var antageleg sjølvbygd, og dei drog over Stadhavet og hadde heile sitt bo med seg: Jakobs verktøyskrin, Ingeborgs rokk og ei heimakiste. Dei søkte lukka på Sunnmøre. Året etter tok dei same turen motsett veg for å gifte seg hos gamle-presten. Det sytte også for å få sendt med ei jekt våningshuset der min far vokste opp. Jakob omkom på fiske, 43 år gammal. Ingeborg og Jakob fekk fem barn. Den yngste av dei, Gabriel, var min oldefar. Dei tok namnet Riise etter staden dei slo seg ned. Gabriel Riise vart ein foregangsmann lokalt. Han sto i spissen for å byggje eit kraftverk, det gjekk 37 år før det offentlege kom på banen. Eg traff Gabriel ein einaste gong, 6 år gammal i 1949.

Han vart ført ut av huset på skuldra til sin eldste son Richard, ein liten mann med kvitt skjegg og godt humør. Året etter døde han, 94 år gammal. Eg har eit krystallklart bilet av honom den dag i dag.

B for tonen H

Og det var Ja - kob Hom-bor-stad, den un-ge, og det var In - ge-borg frå Tøm-mer -
støl, dei fann kvar - an - dre hist i tid - er tun - ge då ing-en - ting kom rek - an - de på
fjøl. Og dei la ut på fæ - ing - ferd på fjord-en og val - de lei - a nord - vegs ov - er
Stad med kraft og vil - je og til Her-ren svo-ren og eig - ne fram-tids-von - er dag og natt.



Og det var Jakob Homborstad, den unge, og det var Ingeborg frå Tømmerstøl,
dei fann kvarandre hist i tider tunge / da ingenting kom rekande på fjøl.
Og dei la ut på færinger-ferd på fjorden / og valde leia nordvegs over Stad
med kraft og vilje og til Herren svoren / og eigne framtidsvoner dag og natt.

Og det var Jakob Homborstad, den sterke, og det var Ingeborg som heldt sin rokk,
og Jakobs verktøyskrin for snikkarverket, og heimesaker under kistelokk.
Og han var innbitt sta, og bleik men fatta. Og ho var fast i tru på at dei vann.
To unge sjeler midt i svarte natta / på våg og båre mot eit ukjend land.

Og Gud heldt handa over småkårsfolket, dei dreiv i land på Gurskøy i ei vik,
ein stad for nybrots-unge å befolke, og Jakobs dogleik, han var nyttig slik.
Dei fekk seg plass, ein steinut flik av verda / rett innfor der kor havet braut i vest,
men likevel, dei tok den same ferda, dei drog for signing av sin gamle prest.



Og det var Ingeborg på tuft og tue, ho spann sitt liv, sitt hushald og sin rokk.
Ho bad om signing over gard og grue / og heile handa av ein barneflokk.
Ho bad om at dei alle heldt seg friske, sjølv om den veg dei gjekk var tung og bratt.
Ho sat der from då Jakob drog på fiske / og møtte Gud til havs ein stormfull natt.

< *Huset frå Kjølsdalen
for foreldre og åtte barn
i Gjerdsvik, Gurskøy*

FREDDIE LANGRIND

Kvar stad med respekt for seg sjølv har sitt preg
og dertil ein del originalar (må vite!),
det er desse grannar som vel sine steg
på tvers av kva andre befalar.

Og Prikken har gitt dei eit folkeleg pass,
sjølv fekk han sitt utnamn med freknar på plass,
han samla seg ordspel om stader og folk,
og fotball og anna slags verksemde.

Det er slikt som gir oss fargar!

Kvar på vegen gir oss fagnar!

Og regnbogen gøymer ein skatt ...

På A-laget* hadde dei Manken i mål, (* Fotball 1933)
på backplass Pedellen og Kvepsen (må vite!),
på midtbana sto dei med plan og med stål,
Kolomen og Pøkjen og Fuglen,
på topp herja Dikken og ute på ving
flaug kjappe Eleven og Toti ikring,
så Stolpen og Dillinger, dertil på benk
sat Basken og Nikken og Greven.

Det er slikt som gir oss fagnar!

Kvar på vegen gir oss fagnar!

Og regnbogen gøymer ein skatt ...

På heimevernsøving ba mange seg fri,
det er då så mangt no for tida (må vite!),
han Kreisten sku' sparke på plass nummer ti
og Bollen sku' flaggfly på sida.
Og sjefen fann fotballen jamstilt med drill,
men var vel kan hende ein smule for snill
då prosten sku' køyre prostinna si til
eit prostituerande møte.

Det er slikt som gir oss fagnar!

Kvar på vegen gir oss fagnar!

Og regnbogen gøymer ein skatt ...

Her finnast så mange slags stader på jord
med nemning i leikne valørar (må vite!),
og vi som er busett ved finne og fjord
har alt kva ein tanke forførar.
Så takk då til Prinsen og Nappe og Sjur
og Kalven og Knotten og Musa (på lur)
og Titten og Trippen og doktoren Glad
og alle dei andre vi minnast.

Det er slikt som gir oss fagnar!

Kvar på vegen gir oss fagnar!

Og regnbogen gøymer ein skatt ...

FREDDIE LANGRIND

ORIGINAL EID



B for tonen H

1 A m D E m C Maj7 A m D
Kvar stad med res - pekt for seg sjølv har sitt preg, og der - til ein del ori - gi -

7 E m A E m A m D E m C Maj7
nal - ar (må vi - te!), dct er des - se gran - nar som vel si - ne steg på

13 E m Esus4/B B7 E A m D
tvers av kva an - dre be - fal - ar. Og Prik - ken har gitt dei eit fol - ke - leg

20 E m C Maj7 A m F#7 B7 E
pass, sjølv fekk han sitt ut - namn med frek - ner på plass, han sam - la seg

26 A m D E m C Maj7 A m B +/D# B7/D#
ord - spel om stad - er og folk, og fot - ball og an - na slags ver - - -

33 E m E m A E m C B7
sem... (Og) Det er slikt som gir oss far - gar! Kvar på veg - en gir oss far - gar! Og


38 A m D E m
regn - bog - en gøy - er ein skatt...

KÅRKALL-STUBBAR

EIN SONGBAR TEIKNESERIE > «OG MANNEN VILLE FRA NISSEN FLYTTE»

1

Det var ein kårkall som fabulerte om dagar yre og eksalterte då han var kjekkas og ho var kjei, og dei var unge på Hurlumhei bland tistelknoppar og timotei.



2

Det var ein kårkall som skulle lære, han skjønte mykje, men ikkje bæret då presten sto der og klokka klang, og det vart orden og reglement. Han var på bærtur og epleslang.

3

Det var ein kårkall som fann den meining at to går saman i skjønn foreining; den eine dristig som leiken geit, den andre sindig på sikker leit, og ein som gissar, og ho som veit.

4

Det var ein kårkall som song i dusjen. Han trudde kjerringa var i bushen, og vatnet strøynde som varm applaus, då lød det brått frå ei illsint taus: *Slepp no den vårkåte katta laus!*

5

Det var ein kårkall i matbutikken, aldeles nådelauast latt i stikken. Dei andre halsa og sprang om kapp, men motet svikta og håpet glapp for ein som miste sin handlelapp.

6

Det var ein kårkall med vondt i ryggen, som om han kjempa mot sjølve styggen. Ein lækjar gav diagnosen nyss: *Det her er hinmannens Judas-kyss og bukseselar med tvinna kryss.*

7

Det var ein kårkall som hadde teften, han annonserte med sleivekjeften for sau og søye og vær og bukk og mørkja-ange og høneklukk og hestepærer for beiteplukk.

8

Det var ein kårkall som ville kule og etablerte ein tiltaksskule for folk med sol-stol og fiskestong, som syng den fyrste og siste song og finn opp krutet for n'te gong.

9

Det var ein kårkall av desse tverre som gav si kravliste til Vårherre: Eg vil ha vinger så eg kan fly og bygge reiret i valfri sky, og seie endeleg: Kykeliky!

10

Det var ein kårkall som såg i spegel naturens herjing og alders regel, men det finst løysing på kvart problem, det gjeld å finne eit godt system. Han låner kjerringas nasa-krem.

11

Det var ein kårkall som høyrdé knirket, det må ha kome frå lekamsvirket, frå bein og hofte og nakkesleng, då gjekk han slukøra til si seng og song eit eldgamalt, trist refregn.

12

Det var ein kårkall i mimrelune, han las eit stykke i dagens rune, at somme kvinner, slik saka står, var lei av borddraging etter hår og kravde omkamp til neste år.



13

Det var ein kårkall som hadde vyar som heimleg krossfarar og fornyar, han ville springe på ferdafot, men hans begeistring slo aldri rot, for NAV og kjerringa stemte mot.

14

Det var ein kålkall som hadde føling med gamle kunster, og utan nøling så søkt'n opp gamal fryd og fred, men mens hans famla i tid og sted gjekk heile dagdraumen nord og ned.

15

Det var ein kårkall som feira fryden, han hadde vunne ein tur til syden. Så fall då endeleg alt på plass. Han pakka kjerringa og kompass, og kjøpte flunkande ny madrass.

16

Det var ein kårkall med bly i baken, det var så vidt at han heldt seg vaken. No sit han høgspent med stivna smil i kamp med uro og håp og tvil, for no har kjerringa lånt hans bil.

17

Det var ein kårkall med hest og kjerre, og han var kjerringas eigen herre, ein arbeidsdeling forutan brest der ho var kjerra og han var hest; slik lyder kårfolkets manifest.

18

Det var ein kårkall som fall i stavar når han fekk for seg ein gamal travar, ein song om jenta han aldri vann, ho stakk no av med ein annan mann, og ingen andre misunnte han.

19

Det var ein kårkall på ville veger, han var i farta som damejeger, ho var frå Eid og ho var eit syn, han følgde etter som sabla lyn, men han vart lurt like opp i Stry...n.

20

Det var ein kårkall som gjekk på trynet, og han var nøydd til å sjekke synet. Då vart det kvitt der det før var svart. Og han kom heim med kompass og kart. Og kjerringa hadde skjegg og bart.

22

Det var ein kårkall som ville flytte, men ferda vart'n til inga nytte, han ville flytte før han var daud, det vart ein helvetes flyttesjau, for kjerringa ville flytte au.

23

Det var ein kårkall som las avis og vart bekymra for pengekrisa, men før han rakk til sin kapital var hans formue ein desimal, for kjerringa fann eit billeg-sal.

24

Det var ein kårkall som ville ete, han trong til surmjølk og fleskebete, men kom i drabeleg handgemeng og omattfamning og kjempesleng, for kjerringa ville ha'n i seng.

Eg kom på tanken om ein sprelsk KÅRKALL.

Fyrst teikna eg han med tre hår og midtskill.

Så sat eg heile helga og fann positurar som kledde han.

FREDDIE LANGRIND

Somme kaller meg *skald*, likar det betre enn *forfatter*.

**Eg leiker meg også med noter. Er fødd sjølvlærd,
også som bestefar, fabulist og altruist.**

VEGAR OG BRUAR

Vegar kom til i dei gamle far,
dei gamle far, der folket var;
reset mot høgda, stigen mot hei,
og langsetter fjordar i langande lei
med steg etter steg.

Tufta på grunnfjell | der veg møter veg,
bruå frå meg til deg.

Kom dei så til både folk og fe,
kom folk og fe i bygd og grend;
rydda dei lende, kvar i sitt slag,
og pløgde dei engene dag etter dag
med slitarens drag.

Tufta på grunnfjell | der veg møter veg,
bruå frå meg til deg.

Kom dei så farande, fut og fant,
kom fut og fant, kom høg og låg;
gjekk dei så ut i vilske og ver
og fann seg ei livbøye, fjern eller nær,
på gard etter gard.

Tufta på grunnfjell | der veg møter veg,
bruå frå meg til deg.

Vegar kom til i dei gamle far,
dei gamle far, der folket var;
kom dei så til i lagnad og verd
og fortidas frendar sto tryggande nær,
vi veit at vi er
tufta på grunnfjell | der veg møter veg,
bruå frå meg til deg.

SAMVEVEN (HUG OG HAND)

*Medisinar, hjelpemiddel og stoppeklokker
må aldri erstatte omsorgstanken hug og hand*

Vi er i samveven, du og eg,
som skuggefrendar på allfarveg,
med draum og utsyn frå same strand
der dei har følgje, hug og hand.

Og båe treng vi den tid vi har
til smil og blomar og gode svar,
og all den omsorg vi vil og kan,
vi er kvarandres hug og hand.

Vi treng til nærliek som den vi er,
ein enkel tanke, usjølvisk, skjær.
Og den er ekte og den er sann,
den gamle soge, hug og hand.

Vi er i samveven, du og eg,
den dag vi snublar i eigne steg
og fer i gløymske og uforstand,
då treng vi vørtnad, hug og hand.

Rytisk (vevaktig)

Vi er i sam - vev-en, du og eg, som skug - ge - fren - dar på all - far -
veg med draum og ut - syn frå sa - me strand der dei har følg - je, hug og hand.

B for tonen H

1. Veg-ar kom til i dei gam - le far, dei gam - le far der fol - ket
var; res - et mot høg - da, sti - gen mot hei, og langs - et - ter fjord-ar i
lang - an - de lei, med steg et - ter steg. Tufta på
grunn-fjell der veg mot - er veg, bru - a frå meg til deg.



Ein eidar ga meg kopi av ein gamal avis-artikkel av Vidar Lehmann: «**Har me bruk for Oslo?**». I mitt hovud førte det til denne visa. Her nemnast Columbus, ein teori seier at slekta stammar frå stormannsfolk på Vestlandet. Skipsreiar Knut Utstein Kloster har finansiert eit vitenskapeleg bokprosjekt som peikar på at staden må vere Hyen. Dermed har hyarane bygd Columbus-parken ved fjordkanten nedanfor kyrkja:



B for tonen H

Takføst: Am

G 3

Kva skal me med Os-lo her u-te i vest?

Det er ik-kje aust-på at Noreg er best? C Em/B

De'r her vi har fos sar og fjord-ar og fjell, C Em/B

og stor-hav-et brus-ar frå mor-gon til kveld. F maj 7 Em

Kva skal vi med bab-bel og ur-ban-e ri, G 6 Am

eit kvel-an-de mørn-ster av by - rå - kra - ti? E Am

Kva skal vi med Os-lo? Vi veit kva vi har? E Am

Kva skal vi med Os-lo? Kan no-kon gje svar? 21

KVA SKAL VI MED OSLO?

Kva skal vi med Oslo her ute i vest?
Det er ikkje austpå at Noreg er best!
D'er her vi har fossar og fjordar og fjell,
og storhavet brusar frå morgon til kveld.

Kva skal vi med babbel og urbaneri,
eit kvelande mørnster av byråkrati?

Kva skal vi med Oslo?
Vi veit kva vi har!
Kva skal vi med Oslo?
Kan nokon gje svar?

Det seiast i soga at mektige menn
tok ferdar på havet, igjen og igjen;
ein gong for å leite, ein gong for å slåss,
dei seier Columbus var fjording som oss!

Ein fjord er å fare i tro og i trekk,
og ingen i tåka skal valte oss vekk!

Kva skal vi med Oslo?
Vi veit kven vi er!
Kva skal vi med Oslo
forstyrrande nær?

Her ute er fisken, og olje og gass,
og somme har rekna at alt er på plass.
Og somme har funne at lukka er nær,
men også lagt plan om kor sjuke vi er.
Der ute i fjorden ligg berget det blå
som våre turistar så gjerne vil sjå!

Kva skal vi med Oslo
her ute i vest?
Det er ikkje austpå
at Noreg er best!

No anar vi alle kor gullskatten finst.
No dreg vi til Oslo, forlanger vår vinst!

No veit vi å flytte på tal og papir,
og det er i sanning ei glede som svir...

Kva skal vi med Oslo her ute i vest?
Det er ikkje austpå at Noreg er best!

Vi sløkkjer ei lyset,
det skin når vi går,
for vi er i Oslo
og straumen er vår!

FREDDIE LANGRIND

VEGVISAR

*Magdeli overnattet hos meg, bestefar, for første gong.
Det løyste seg ved at ho la seg seint, og eg altfor tidleg.
Etter frokost skulle vi gå tur, og på ein heller ujevn
gangsti forklarte eg kor ho skulle gå ...*

Så gjekk vi på vegen, den lille og eg,
og sparka i småstein og singel.
Då synte eg lisja å sette sitt steg,
for eg er jo knapt nokon vingel.

Vi gjekk der og tusla og tida var vår,
kvart ord lyder lett der på teigen:
«*Eg kan ikkje følgje den vegen du går,
min veg, den er her og min eigen.*»

Det hender seg sjeldan, men augneblink finst
då blånen er underleg vida,
at verda er stor nok ved den som er minst,
og alt har sitt sete i tida.

Ein leikande tanke, eit ihuga sinn,
og blussande varm under blusen.
Ho fann seg ei tese som også blei min,
og eg fann ein *salme* i grusen.

FREDDIE LANGRIND



Tidleg verk fra Magdeli,
netttopp fylt 5 år. Som alle
kan sjå er det eit portrett
av bestefar.

B for tonen H C Em/B Dm E C Em/B

Dm E F maj 7 Em F maj 7 Em F maj 7

7 sing - el. Då syn - te eg li - sja å set - te sitt steg, for eg er jo


C Dm7 G7 F C Dm7 G C

14 knapt no - kon ving - el, for eg er jo knapt no - kon ving - el.

Musical notation for the song "VEGVISAR". The music is in 3/4 time, treble clef, and consists of three staves of music. The first staff starts with a C major chord. The lyrics are written below the notes. The second staff starts with a Dm chord. The third staff starts with a C major chord. The key signature changes between C major, Em, and F major 7 throughout the piece.

GULLMANN GULLMANN

I Bergen står en mann i gull, og ei lita jente undrar seg.



Gullmann Gullmann, kven er du?

Ber du maske i dagane sju?

Får du mat nok, munnen full?

Er så ditt hjarte av puraste gull?

Gullmann Gullmann, er du rik?

Er det difor du kler på deg slik?

Frys du, Gullmann, i ditt gull?

Sjølv har eg fått meg ei trøye av ull.

Gullmann Gullmann, er du snill?

Eg trur mest at du kan om du vil.

Vil du, Gullmann, bli min venn?

Eg viser gjerne kor verda er hen.

Verda, Gullmann, er så fin,
ho er alles, og slik også din.

Du står fast i stivna stas,
mens eg kan leike i blomar og gras.

FREDDIE LANGRIND

B for tonen H

1 A E6 D D6 A Bm E7

Gull - mann Gull - mann, kven er du? Ber du

6 A F# B7 B6 B sus4 E7 A E6 D D6

mas - ke i dag - a - ne sju? Får du mat nok, munn - en

12 A Bm E7 A F#m Bm E7 A

full? Er så ditt hjar - te av pur - as - te gull?

GAMMEL MANN



For ca. 50 år siden (!) skrev jeg en norsk oversettelse av den engelske barnevisa fra 1906, *This old man*, og brukte den mye blant barn. Også i Eid har visa blitt populær, bl.a. har jeg stått på Rundehogjen og sunget den sammen med alle barnhagebarna i Eid. Og alle kunne teksten! Beklager, men jeg har holdt på bokmålsversjonen.

FREDDIE LANGRIND

Gammel mann nummer en ... svingte seg fra gren til gren!
Tikke-tikk-takk tikke-takk, tro meg om du kan, dette var en gammel mann!

Gammel mann nummer to ... gikk på do med joggesko!.
Tikke-tikk-takk tikke-takk, tro meg om du kan, dette var en gammel mann!

Gammel mann nummer tre ... vasket seg med ripsgele!
Tikke-tikk-takk tikke-takk, tro meg om du kan, dette var en gammel mann!

Gammel mann nummer fire ... lærte doktor'n sin å flire!
Tikke-tikk-takk tikke-takk, tro meg om du kan, dette var en gammel mann!

Gammel mann nummer fem ... flyttet ut fra gamlehjem!
Tikke-tikk-takk tikke-takk, tro meg om du kan, dette var en gammel mann!

Gammel mann nummer seks ... ville danse med en heks!
Tikke-tikk-takk tikke-takk, tro meg om du kan, dette var en gammel mann!

Gammel mann nummer sju ... lekte cowboy med ei ku!
Tikke-tikk-takk tikke-takk, tro meg om du kan, dette var en gammel mann!

Gammel mann nummer åtte ... spilte tromme på ei potte!
Tikke-tikk-takk tikke-takk, tro meg om du kan, dette var en gammel mann!

Gammel mann nummer ni ... åpnet bollebakeri!
Tikke-tikk-takk tikke-takk, tro meg om du kan, dette var en gammel mann!

Gammel mann nummer ti ... gikk til sengs med slalåmski!
Tikke-tikk-takk tikke-takk, tro meg om du kan, dette var en gammel mann!

B for tonen H D F♯m Em A7

Gam - mel man - num - mer en sving - te seg fra gren til gren. Tik - ke

D Bm G A7 Em A7 D

tikk - takk tik - ke - takk tro meg om du kan, det - te var en gam - mel mann.

v

v

v

v

v



FREDDIE LANGRIND - www.ordtoner.com - freddie.langrind@enivest.net